



Høyanger *kommune*

Ordføraren

Miljøvernleiar Marte Conradi

e-post: marte.conradi@hoyanger.kommune.no

Saksnr.
15/264

Dok-ID
15/4248

Arkivkode
U43

Sakshandsamar
RIF

Dato:
13.05.2015

Høyringsfråsegn - Osland Settefisk AS sin søknad om løyve til uttak av vatn frå Søreboelva og Vetleelva

Vedlagt følgjer Høyanger kommunestyret si høyringsfråsegn i saka.

Med helsing

Rita Flaten
politisk sekretær



Høyanger kommune

Møtebok

Utval	Møtedato	Saksnr
Formannskap	09.04.2015	023/15

Høringsfråsegn - Osland Settefisk AS sin søknad om løyve til uttak av vatn frå Søreboelva og Vetleelva

Rådmannen si tilråding:

Kommunestyret vedtek høringsfråsegn til Osland Settefisk AS sin søknad om løyve til uttak av vatn frå Søreboelva og Vetleelva, i samsvar med saksutgreiinga.

09.04.2015 Formannskap

Geir Helge Østerbø reiste spørsmål om han er ugild i saka. Formannskapet vedtok samr. at han er ugild (jfr. Kommunelova § 40) og han deltok ikkje i handsaminga.

FS-023/15 FRAMLEGG - samr. som tilråding.

12.05.2015 Kommunestyre

Geir Helge Østerbø og Sissel Sørebo reiste spørsmål om ugildskap i saka. Kommunestyret vedtek samr. at dei er ugilde (jfr. K.l. § 40), og dei deltok ikkje i handsaminga.

Einar Rysjedal sette fram følgjande tilleggsframlegg:

Dette inkluderer at minstevassføringa må setjast til 5-persientilnivå, differensiert for vinter (49 l/s) og sommar (66 l/s), for å sikre oppvekstforholda for fisk i Søreboelva.

KS-020/15 VEDTAK - samr. som framlegg frå formannskapet.

Tilleggsframlegg frå Einar Rysjedal fall med 2 mot 17 røyster.

Saksutgreiing

Sakshandsamar: Marte Conradi	Arkivkode: U43	Arkivsaknr 15/264
--	--------------------------	-----------------------------

Bakgrunn

Osland Settefisk AS har søkt om løyve til uttak av vatn frå Søreboelva og Vetleelva i Høyanger kommune. Osland Settefisk AS søker om å ta ut vatn frå Søreboelva i samband med søknad om utviding av produksjonen frå 2,5 til 5 millionar smolt per år. Det vert søkt om eit vassuttak på inntil 580 l/s frå Søreboelva. Det vert òg søkt om å nytte Vetleelva som supplerande vasskjelde. Dei tekniske installasjonane knytt til vassuttaket er hovudsakleg allereie etablert. Det er planlagt å sleppe ei minstevassføring i Søreboelva på 25 l/s om vinteren og 54 l/s om sommaren.

Det nye anlegget er planlagt bygd med resirkuleringsteknologi som har eit langt mindre vassforbruk enn dagens gjennomstrøymingsanlegg. Det nye anlegget vil også ta over delar av produksjonen i dagens anlegg, slik at det eksisterande anlegget ikkje vil trenge like mykje vatn. Dette medfører i praksis at det samla vassforbruket på lokaliteten etter utvidinga vert som i dag.

Dagens vassuttak er ikkje konsesjonspliktig etter vassressurslova. Til grunn for konsesjonsfritaket ligg det i det opphavlege fritak frå NVE at maksimalt vassuttaket skal vere på 420 l/s. I etterkant av fritaket har det imidlertid vist seg at det kan vere trong for uttak opp mot 580 l/s i periodar. Osland Settefisk AS har informert Høyanger kommune munnleg om at NVE er kjende med dette. Uttaket på opp til 580 l/s er også det Osland Settefisk AS har søkt om løyve til i samband med utviding av produksjonen.

Vurdering

Vassforskrifta har som mål at alle vassførekomstar i Noreg skal ha minimum god økologisk tilstand, og tilstandsklassifiseringa skal gjerast på grunnlag av biologien i vassførekomsten. Søreboelva er sett i moderat økologisk tilstand pga risiko for ikkje å nå miljømåla innan 2021. Dette på grunn av overføring av vatn frå Østerbotnvatn til Årsdalsvatn lengre oppe i vassdraget, samt påverknadane av mogeleg rømd oppdrettslaks på den lokale laksebestanden. Vassforskrifta opnar ikkje for at det kan utførast tiltak som gjer at tilstanden vert dårlegare, med mindre det kan vere grunnlag for unntak i tråd med § 12.

Osland Settefisk AS foreslår i søknaden eit minstevasslepp på 25 l/s om vinteren og 54 l/s om sommaren. Det er vel kjend at lågvassperiodar kan vere kritiske flaskehalsar i lakse- og sjøaurevassdrag. Redusert vassdekt areal og redusert vassvolum kan føre til at fisk strandar. Søknaden synar at det konsesjonssøkte vassuttaket i lågvassperiodar kan forsterke ein naturleg flaskehals i elva, og dermed truleg vil ha negativ effekt på fiskeproduksjonen. Dei negative effektane på fiskeproduksjonen vil verte mindre om vassuttaket vert redusert i lågvassperiodar. Høyanger kommune er difor uroa for at det føreslegne minstevassleppet kan vere sett for lågt, og at minstevassføringa burde vert sett til 5-persentilnivå, differensiert for vinter (49 l/s) og sommar (66 l/s), for å sikre oppvekstforholda for fisk i Søreboelva.

Rådmannen sin konklusjon

Osland Settefisk AS er ein viktig og god arbeidsgivar på Høyanger sørside. Utvidinga av settefiskanlegget vil gje fleire arbeidsplassar i eit område som slit med fråflytting, og gjere bedrifta meir fleksibel. Det er likevel viktig å ta omsyn til alle involverte interessene i ei slik sak. Høyanger kommune er uroa for at det konsesjonssøkte vassuttaket til Osland Settefisk AS kan få konsekvensar for bestandane av laks og aure i Søreboelva, ved at redusert lågvassføring forsterkar ein naturleg flaskehals i ungfiskproduksjonen. NVE bør difor vurdere om ei minstevassføring på 25 l/s om vinteren og 54 l/s om sommaren er tilstrekkeleg for å sikre gode oppvekstforhold for dei lokale fiskebestandane i Søreboelva.